

Søk i bildearkivet:

Søk i arkivet:

Andakten:

Dagens andakt

Ukens andakt

nordsamisk

Ukens preken

Tidligere artikler:

Hovedsaker

Kort nytt Norge

Kort nytt barn & unge

Kort nytt utlandet

Kort nytt nordsamisk

Andaktsarkiv

Prekenarkiv

Dette er kpk:

Generell informasjon

De ansatte

Eiere

Adresser og telefon

Styret

Tips oss:

kpk@kpk.no

Innlogging:

Passord:

- Dataspel er meir enn vald



Utskriftsversjon



Ravn Studio AS, med Stine Wærn (t.v.) og Tinka Town i spissen, står bak eit dataspel om englar som er forventa ferdig i 2007. Foto: Helge Johan Stautland/KPK

Ravn Studio AS vil lage dataspel som er ei motvekt til valdsspel. Derfor er det kanskje ikkje så unaturleg at to englar har fått hovudrollene i spelet firmaet planlegg no.

Tekst: [Helge Johan Stautland](#) - Foto: Helge Johan Stautland/KPK

- Vi ønskjer at barn som spelar dataspel, skal få verdiar med på kjøpet. Men spelet om englane Kose og Tøyse har ikkje til føremål å vere direkte formanande, slår prosjektstyrar Stine Wærn i Ravn Studio fast.

Spelet, som etter planen skal gjevast ut neste år, var eigentleg eit teaterstykke basert på ein draum ei jente hadde. Englane Kose og Tøyse hamnar i trøbbel rett før

den store engleseremonien skal starte. Dei krasjar inn i engleorkesterskya med det resultatet at alle instrumenta blir kasta ned på jorda. Dei bestemmer seg for å ta turen til jorda for å finne instrumenta.

– Englane i spelet skal vere litt rampete, men dei er ikkje slemme, seier Wærn.

Jenter som målgruppe

– Vi tenkjer oss at målgruppa for englespelet er jenter i alderen 6-10 år, fortel speldesignar i Ravn Studio, Tinka Town. Grunnen er enkel: Få spel har jenter som målgruppe, sjølv om jenter spelar like mykje som gutar.

Deler av musikken til spelet står Aslak Dørum frå Dum Dum Boys for. Til grafikk og programmering har Ravn Studio fått tak i folk som har vore med og produsert fleire Playstation-spel.

Større enn filmbransjen

– Det er sett av veldig lite kulturmidlar til spelproduksjon i Noreg. Det er lettare å få filmstøtte, sjølv om det er ei stund sidan spelindustrien gjekk forbi filmbransjen på verdsbasis, seier Town til Kristelig Pressekontor.

Til englespelet har Ravn Studio fått éin million kroner i støtte frå filmfondet. I tillegg har støtte frå EU sett fart på spelplanlegginga.

Speldesignaren fortel at eit mål i Ravn Studio, er å lage gode, norske barnespel.

– Dataspel kan brukast til kjempemykje positivt, seier ho.

Men alt dreier seg ikkje om spel hjå Ravn Studio. Firmaet står også bak serien Naturbarna som jamleg har blitt vist på Barne-TV på NRK1 sidan 2004.

Firmaet har kontor på Danvik folkehøgskole i Drammen, der Town er lærar på speldesignfordjupinga. KPK.

Bokmål:

– Dataspill er mer enn vold

Ravn Studio AS vil lage dataspill som er en motvekt til voldsspill. Derfor er det kanskje ikke så unaturlig at to engler har fått hovedrollene i spillet firmaet planlegger nå.

Av Helge Johan Stautland

– Vi ønsker at barn som spiller dataspill, skal få verdier med på kjøpet. Men spillet om englene Kose og Tøyse har ikke til hensikt å være direkte belærende, fastslår prosjektstyrer Stine Wærn i Ravn Studio.

Spillet, som etter planen skal gis ut til neste år, var egentlig et teaterstykke basert på en drøm en jente hadde. Englene Kose og Tøyse havner i trøbbel rett før den store engleseremonien skal starte. De krasjer inn i engleorkesterskyen med det resultat at alle instrumentene kastes ned på jorden. De bestemmer seg for å ta turen til jorden for å finne instrumentene.

– Englene i spillet skal være litt rampete, men de er ikke slemme, sier Wærn.

Jenter som målgruppe

– Vi tenker oss at målgruppen for englespillet er jenter i alderen 6-10 år, forteller spilldesigner i Ravn Studio, Tinka Town. Grunnen er enkel: Få spill har jenter som målgruppe, selv om jenter spiller like mye som gutter.

Deler av musikken til spillet står Aslak Dørum fra Dum Dum Boys for. Til grafikk og programmering har Ravn Studio fått tak i folk som har vært med og produsert flere Playstation-spill.

Større en filmbransjen

– Det er satt av veldig lite kulturmidler til spillproduksjon i Norge. Det er lettere å få filmstøtte, selv om det er en stund siden spillindustrien gikk forbi filmbransjen på verdensbasis, sier Town til Kristelig Pressekontor.

Til englespillet har Ravn Studio fått én million kroner i støtte fra filmfondet. I tillegg har støtte fra EU satt fart på spillplanleggingen.

Spilldesigneren forteller at et mål i Ravn Studio, er å lage gode, norske barnespill.

– Dataspill kan brukes til kjempemye positivt, sier hun. Men alt dreier seg ikke om spill hos Ravn Studio. Firmaet står også bak serien Naturbarna som jevnlig har blitt vist på Barne-TV på NRK1 siden 2004.

Firmaet har kontor på Danvik folkehøgskole i Drammen, hvor Town er lærer på spilldesignfordypningen. KPK.

Publisert: 27.03.2006

Tips en venn om denne artikkelen:

Ditt navn: Din venns e-post:

Tips

Nettutvikling:  [Kommunion](#) - Grafisk Design: [KPK/Torstein Ihle](#)